



## Innkalling for Kommunestyret i Radøy

**Møtedato:** 09.02.2017  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 18.00

### Saksliste:

Saksnr	Tittel
001/2017	Meldingar og referatsaker
002/2017	Val av valstyret for perioden 2017-2019
003/2017	Servering- og salssløyve for Sjappen as 2017-2020
004/2017	Disponering av fondsmidlar - årets nynorskkommune
005/2017	Drøftingssak - aktuelle samferdsleutfordringar Radøy kommune
006/2017	Framføring av kommunalt vatn til Lilletveit
007/2017	Endring av reglement for byggenemnd
008/2017	Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste i Radøy kommune - godkjenning

**Orientering:** Sivilingeniør Helge Hopen orienterer i sak (05/2017) om samferdselsutfordringar i Radøy kommune

Den som har lovleg forfall eller er ugild i nokon av sakene må melda i frå til kultur- og sørvistorget så snart som råd, tlf 56 34 90 00. Varamedlemmer møter etter nærare innkalling.

1. februar 2017

Jon Askeland  
møteleiar

Arthur Kleiveland  
utvalssekretær

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
001/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	09.02.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	17/133	17/804

## Meldingar og referatsaker

### Saksopplysingar:

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

### Vedlegg:

Nordhordland\_Utviklingsselskap\_IKS\_Representantskapet\_2\_des\_2016

NUI\_status\_2\_des\_2016

NUI\_budsjett\_2017

Region\_Nordhordland\_Helsehus\_Representantskapet\_2.des\_2016

Møtebok fellesnemnd 09.01.2017

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
004/2017	Formannskapet i Radøy	PS	24.01.2017
002/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	09.02.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Monika Soltveit Gabrielli	15/1727	17/467

## Val av valstyret for perioden 2017-2019

### Saksopplysingar:

I vallova § 4-1 står det at:

*I hver kommune skal det være et valgstyre som velges av kommunestyret selv.*

Det vert sett på som ei tenleg løysing at formannskapet er valstyre, og dette har også vore praktisert tidlegare.

Rådmannen vil også foreslå at kommunestyret delegerer saker som omhandlar kommuneval og fylkes- og stortingsval til valstyret.

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet vert valstyre for perioden 2017-2019. Valstyret får fullmakt i saker som omhandlar kommuneval og fylkes- og stortingsval.

### Formannskapet i Radøy - 004/2017

#### FS - handsaming:

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### FS - vedtak:

Formannskapet vert valstyre for perioden 2017-2019. Valstyret får fullmakt i saker som omhandlar kommuneval og fylkes- og stortingsval.

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
001/2017	Formannskapet i Radøy	PS	24.01.2017
003/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	09.02.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Monika Soltveit Gabrielli	16/1915	16/15687

### Servering- og salssløyve for Sjappen as 2017-2020

#### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Ny søknad om skjenkeløyve grunna endring ved Bøvågen Øl og Vinstue AS, overdraging av verksemd til Sjappen AS.

Radøy kommune har fått opplyst i e-post av 5. september 2016 om endringar ved skjenkestaden Bøvågen Øl og Vinstue. Frå og med 1. oktober same år vart serveringsstaden ein del at ein ny struktur der Bøvågen Øl og Vinstue as vart gjort til eigedomsselskap og drifta av skjenkestaden vart overdradd til Sjappen as. Bøvågen Øl og Vinstue eig no lokala der Sjappen as driv. Det nye driftsselskapet vil ha same konsept; servering av enkle rettar og skjenking. Jostein Rikstad, som var vara for skjenkestyrar i Bøvågen øl og vinstue, har overteke som dagleg leiar og som skjenkestyrar. Svein Rikstad, som også tidlegare har vore med i drifta av Bøvågen Øl og Vinstue, er vikar for skjenkestyrar. Dei har begge bestått etablerarprøven og kunnskapsprøven i alkohollova.

Alkohollova §1-10 vil gjelda i dette tilfellet:

*«Bevillingen faller bort ved overdragelse av virksomheten. Det samme gjelder ved overdragelse av alle eller en dominerende andel av aksjene eller andelene i et selskap som eier slik virksomhet. Virksomheten kan likevel fortsette på den tidligere bevilling i inntil tre måneder, så fremt bevillingsmyndigheten er underrettet om dette og det søkes om ny bevilling uten ugrunnet opphold, og senest innen 30 dager, etter overdragelsen. Dersom søknad om ny bevilling ikke er endelig avgjort av kommunen innen tre måneder, kan kommunen gi tillatelse til at det drives videre på den tidligere bevilling i inntil ytterligere en måned. Alkoholholdig drikk som inngår i varebeholdningen, kan overdras sammen med virksomheten etter forskrifter gitt av departementet.»*

Då dette er ei overdraging har dei sendt ny søknad, og denne vart sendt inn så snart Radøy kommune gjorde dei kjent med prosessen. På grunnlag av §1-10 i alkohollova (klypt ut over) driv Sjappen vidare på det alminnelege skjenkeløvet til Bøvågen ØI og Vinstue frå september. Administrasjonen gjev forlenga løyve fram til 1. februar og vidare ambulerande løyve (opne arrangement/løyve ved einskildhøve) vederlagsfritt for første helga i februar slik at dei kan driva uavbrutt fram til kommunestyret har handsama løyvet.

Vedr. serveringsløyvet er det, j.fr. § 3 i Serveringslova, den einskilde kommune som tildeler dette. Serveringsløyvet er regulert av Lov om serveringsverksemd (serveringslova) og når det gjeld endringar er det omtala i § 14:

*«Melding om endringer ved serveringsstedet*

*Bevillingshaveren plikter uten ugrunnet opphold å sende melding til kommunen ved:*

- a) skifte av daglig leder,*
- b) andre endringer i den personkrets som er nevnt i § 6, jf § 7,*
- c) innstilt drift av serveringsstedet.*

*Melding om forhold som nevnt i bokstav a og b skal inneholde slik dokumentasjon som kreves etter § 8»*

Verksemda har gjeve melding til kommunen med dei krav som vert stilt i §8 og §5. For ordensskuld foreslår rådmannen at serveringsløyvet vert gjeve på nytt i f.b.m. nytt skjenkeløyve. Kommunene kan stilla krav om at verksemda melder seg til det lokale Mattilsynet.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Sjappen as (organisasjonsnr. 917656282) får tildelt serveringsløyve. Som vilkår vert det sett at verksemda melder i frå til det lokale Mattilsynet og har godkjenning frå Arbeidstilsynet.
2. Skjenkeløyvet gjeld all alkoholhaldig drikk.
3. Skjenkeløyvet gjeld frå 1.10.2016 til 30.06 2020.
4. Skjenkeløyvet gjeld i bygg på gnr. 24 , bnr. 295 for innandørs lokale på omlag 150m<sup>2</sup>, og for uteservering på terrasse (omlag 85 m<sup>2</sup>) i tilknytning til nemnde lokale.
5. Som skjenkestyrar vert Jostein Rikstad godkjent med Svein Rikstad som stedfortredar.
6. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgte.
7. Skjenketider gitt i *Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke* vedteken av kommunestyret i Radøy kommune september 2016, skal følgjast.
8. Tilsette kan ikkje konsumera og/eller vera påverka av rusmidlar i arbeidstida.
9. Nødvendige offentlege godkjenningar for å driva servering- og skjenkestaden skal til ei kvar tid føreliggja.

#### **Formannskapet i Radøy - 001/2017**

##### **FS - handsaming:**

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

## FS - vedtak:

1. Sjappen as (organisasjonsnr. 917656282) får tildelt serveringsløyve. Som vilkår vert det sett at verksemda melder i frå til det lokale Mattilsynet og har godkjenning frå Arbeidstilsynet.
2. Skjenkeløyvet gjeld all alkoholhaldig drikk.
3. Skjenkeløyvet gjeld frå 1.10.2016 til 30.06 2020.
4. Skjenkeløyvet gjeld i bygg på gnr. 24 , bnr. 295 for innandørs lokale på omlag 150m2, og for uteservering på terrasse (omlag 85 m2) i tilknytning til nemnde lokale.
5. Som skjenkestyrar vert Jostein Rikstad godkjent med Svein Rikstad som stedfortredar.
6. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgte.
7. Skjenketider gitt i *Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikk* vedteken av kommunestyret i Radøy kommune september 2016, skal følgjast.
8. Tilsette kan ikkje konsumera og/eller vera påverka av rusmidlar i arbeidstida.
9. Nødvendige offentlege godkjenningar for å driva servering- og skjenkestaden skal til ei kvar tid føreliggja.

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
002/2017	Formannskapet i Radøy	PS	24.01.2017
004/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	09.02.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	16/2286	16/16100

## Disponering av fondsmidler - årets nynorskkommune

### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Radøy kommune vart i 2014 kåra til årets nynorskkommune i Noreg. Prisen var eit maleri og i tillegg 100 000 kroner. Midlane vart avsett i ubunde fond i Radøy kommune, der bruken av midlane må godkjennast av kommunestyret.

#### Vurdering

Radøy kommune fekk prisen for årets nynorskkommune for målretta arbeid for å styrkja nynorsken si stilling i kommunen, og ikkje minst for at kommunen har vedtatt ein målbruksplan som legg føringar for korleis kommunen skal jobba med språket i kommunen. Rådmannen meiner det er naturleg at midlane som følgde prisen vert nytta for å løfta fram nynorsken i kommunen, og at bruken av midlane støttar opp om tiltaka i målbruksplanen.

#### Rådmannen ynskjer at følgjande målsetjingar vert lagt for bruk av midlane:

1. Radøy kommune skal ha ein tydeleg nynorsk profil.
2. Born og unge i kommunen skal få tilbod om nynorsk litteratur og scenekunst frå tidleg alder.
3. Dei tilsette i kommunen skal verta meir medvitne om og betre brukarar av nynorsk.

Ulike tiltak som kan støtta opp om dei målsetjingane som er skisserte ovanfor har vore drøfta. Mellom anna har ein sett på moglegheitene for nynorsk kurs for alle tilsette i kommunen som eit tiltak for å heva kvaliteten på skriftleg materiale som går ut frå kommunen både i form av brev og på nettsider. Rådmannen har likevel landa ned på at eit slikt tiltak, med kursing av alle tilsette, vil vera for omfattande å gjennomføra med dei midlane ein har til rådvelde. I staden for kan opplæring og medvitsgjering av dei tilsette skje gjennom andre typar tiltak.

Morgondagens nynorskbrukarar er dei som no er born og unge, og trykket frå bokmålet er sterkt,



ikkje minst for desse aldersgruppene! Om born og unge skal velja å skriva nynorsk, er det viktig at dei møter nynorsken dagleg , og får ei positiv haldning til å bruka språk! Kulturelle opplevingar og tiltak som kan gjera at dei får eit positivt møte med nynorsk er tiltak rådmannen meiner bør prioriterast.

### **Rådmannen har følgjande forslag til bruk av midlane som følgde nynorskprisen:**

Radøy kommune arrangerer «nynorskdagar» i 2017 og 2019, som er år der ein ikkje har kultur dagar. Rådmannen tenkjer nynorskdagar som nokre samanhengande dagar der ein set fokus på språk ved at ein samlar fleire arrangement og tiltak som fremjar nynorsken ut til innbyggjarane òg blant dei tilsette i kommunen. Rådmannen foreslår at ein set av kr 50 000 til nynorskdagar i 2017. Ei eventuell løyving til nynorskdagar i 2019 kan koma som eiga politisk sak i det budsjettåret.

Ved å samla fleire arrangement og tiltak innanfor eit kort tidsrom, vil ein kunna få eit sterkare fokus og betre marknadsføring enn ein vil få gjennom fleire aktivitetar og tiltak som er spreidde utover i tid. Nynorskdagar vil også vera mogleg å gjennomføra utan å bruka for mykje administrative ressursar.

Kulturgruppa tenkjer ei todeling av nynorskdagane:

1. Tiltak og aktivitetar retta mot alle innbyggjarane og alle aldrar, men med særleg vekt på born og unge. Aktuelle tiltak er t.d. skrivekonkurrans for ungdom, forfatterbesøk i ungdomsskulen, teaterforestilling for dei minste borna og innkjøp av nynorskbøker til biblioteket. Kommunen kan i tillegg ta kontakt med lag og organisasjonar og oppfordra dei til å ha arrangement eller gjennomføra tiltak som handlar om språk.

2. Tiltak og aktivitetar retta mot dei tilsette i Radøy kommune: Aktuelle tiltak kan vera foredrag, tilbod om vurdering av tekstar, profilering av nynorsk på intranett og gjennom trykksaker som kan delast ut til dei tilsette og hengast opp på avdelingane, og gjennom at leiarane set ekstra fokus på nynorsk i sitt tenesteområde desse dagane.

Rådmannen ser ikkje for seg at arrangementet skal koma opp mot kultur dagane i lengd og omfang.

### **Konklusjon**

Rådmannen meiner at prisen kommunen fekk som årets nynorsk kommune i 2014 bør brukast til tiltak som fremjar nynorsk i kommunen, og foreslår å arrangera nynorskdagar i 2017 og 2019 som set ekstra fokus på nynorsk blant dei tilsette og ut til innbyggjarane, med særleg vekt på born og unge.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Radøy kommune set av kroner 50 000 til gjennomføring av nynorskdagar i 2017. Midlane vert henta frå disposisjonsfond merka nynorskmidlar.

Løyving til nynorskdagar i 2019 kjem opp som ei eiga sak i budsjettåret 2019.

### **Formannskapet i Radøy - 002/2017**

#### **FS - handsaming:**

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### **FS - vedtak:**

Radøy kommune set av kroner 50 000 til gjennomføring av nynorskdagar i 2017. Midlane vert henta frå disposisjonsfond merka nynorskmidlar.

Løyving til nynorskdagar i 2019 kjem opp som ei eiga sak i budsjettåret 2019.

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
007/2017	Formannskapet i Radøy	PS	24.01.2017
005/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	09.02.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
	16/2101	17/635

## Drøftingssak - aktuelle samferdsleutfordringar Radøy kommune

### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Ordføraren tok i eit tidlegare formannskapsmøte initiativ til å invitere til ei samferdsledrøfting i formannskap og kommunestyre. I formannskapet 16. desember 2016 drøfta derfor formannskapet aktuelle utfordringar.

Radøy har ei rad samferdslesaker som må løysast framover. Sakene er av ulik karakter, der nokre er langsiktige, andre må løysast på kortare sikt. Nokre saker har vedtekte planar, medan andre manglar dette.

Utanom Soltveit – Marås er også finansieringss spørsmålet for dei fleste vegspørsmåla ikkje på plass. Nokre prosjekt (særleg arm til Manger frå ny FV565) har vedteken plan, men der det er somme som meiner at plan og trasè må vurderast på nytt. Enkelte saker ligg utanfor kommunen, og bør løysast saman med andre. I andre tilfelle gjeld det å få sett igang planarbeid, for på den måten å koma i posisjon for finansiering og Regional Transportplan (RTP).

Det var ein god debatt om vegspørsmål i valkampen i 2015, og denne debatten bør førast inn i kommunestyresalen, slik at det vert avklart korleis kommunen skal prioritere i sakene.

Formannskapet ba i møtet 16. desember om at det vert lagt fram ei drøftingssak med faglege tilrådingar til kommunestyret. Ordføraren fekk i oppdrag å innhenta vegfaglege råd, for vidare drøfting i neste formannskap.

Ordføraren har inngått avtale med sivilingeniør Helge Hopen, som har fått plansjeserien frå sist møte. Han har teke på seg å gje sine faglege råd og vil presentere desse i formannskapsmøtet og kommunestyret.

Helge Hopen legg fram si innstilling i formannskapsmøtet.

## **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram til drøfting.

## **Formannskapet i Radøy - 007/2017**

### **FS - handsaming:**

Sivilingeniør Helge Hopen la fram eit drøftingsnotat i formannskapet, der han skisserte moglege vegval og kom med tilrådingar i samband med politisk handsaming av samferdselsstrategi for Radøy kommune.

På bakgrunn av Hopen sin presentasjon vart det ei grundig drøfting i formannskapet om vidare vegval.

Formannskapet legg følgjande innstilling fram som drøftingsgrunnlag i kommunestyret:

### Prioriterte samferdselsprosjekt - tilråding

#### **Prioritet 1:**

- Fv. 565 Marås - Tolleshaug inkl. arm til Manger
- Fv. 409 - utbetringstiltak Kolstad-Manger-Bø-Soltveit
- Fv. 565 Alversundbrua

#### **Prioritet 2:**

- Sambandet Vest

#### Planarbeid Radøy - tilråding

- Reguleringsplan for Marås - Tolleshaug med ny arm Namtveit - Kolstad
  - Vegutgreiing for fv. 409 Kolstad - Manger - Bø - Soltveit med prioriteringsplan for utbetringpunkt/delstrekningar
- Reguleringsplanar etter behov.

#### Finansiering - tilråding

- Posisjonering av nye Radøy-prosjekt opp mot Nordhordlandspakken, fase 2:
  - Ny veg Marås - Tolleshaug med arm Namtveit-Kolstad
  - Utbetringstiltak Kolstad - Manger - Bø - Soltveit
- Alversundbru; føreset fylkeskommunal finansiering
- Sambandet Vest: langsiktig prosjekt. Evt deling: arbeida for statleg finansiering av regionalt samband Askøy - Meland og internt samband Meland - Radøy i Nordhordlandspakken - fase 3.

#### Organisering - tilråding

- Eit aktivt pådrivarselskap for planlegging og gjennomføring av nye samferdselstiltak i Nordhordland (Nordhordlandspakken AS?)
- Evt dela opp Sambandet Vest i i eit pådrivarselskap for ny bru Askøy - Meland inkl. utbetringstiltak på Askøy og eit pådrivarselskap for planlegging av tiltak i Nordhordland (Nordhordlandspakken AS?)
- Finansiering av reguleringsplanarbeid for Marås - Tolleshaug inkl. arm Namtveit - Kolstad, gjennom pådrivarselskapet i Nordhordland. Praktisk gjennomføring i tett organisatorisk samarbeid med Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune.
- Evt kommunal finansiering av utgreiing og planlegging av utbetringstiltak Kolstad - Manger - Bø -

Soltveit.

## **FS - vedtak:**

Formannskapet legg følgjande innstilling fram som drøftingsgrunnlag i kommunestyret:

### Prioriterte samferdselsprosjekt - tilråding

#### **Prioritet 1:**

- Fv. 565 Marås - Tolleshaug inkl. arm til Manger
- Fv. 409 - utbetringstiltak Kolstad-Manger-Bø-Soltveit
- Fv. 565 Alversundbrua

#### **Prioritet 2:**

- Sambandet Vest

#### Planarbeid Radøy - tilråding

- Reguleringsplan for Marås - Tolleshaug med ny arm Namtveit - Kolstad
  - Vegutgreiing for fv. 409 Kolstad - Manger - Bø - Soltveit med prioriteringsplan for utbetringpunkt/delstrekningar
- Reguleringsplanar etter behov.

### Finansiering - tilråding

- Posisjonering av nye Radøy-prosjekt opp mot Nordhordlandspakken, fase 2:
  - Ny veg Marås - Tolleshaug med arm Namtveit-Kolstad
  - Utbetringstiltak Kolstad - Manger - Bø - Soltveit
- Alversundbru; føreset fylkeskommunal finansiering
- Sambandet Vest: langsiktig prosjekt. Evt deling: arbeida for statleg finansiering av regionalt samband Askøy - Meland og internt samband Meland - Radøy i Nordhordlandspakken - fase 3.

### Organisering - tilråding

- Eit aktivt pådrivarselskap for planlegging og gjennomføring av nye samferdselstiltak i Nordhordland (Nordhordlandspakken AS?)
- Evt dela opp Sambandet Vest i i eit pådrivarselskap for ny bru Askøy - Meland inkl. utbetringstiltak på Askøy og eit pådrivarselskap for planlegging av tiltak i Nordhordland (Nordhordlandspakken AS?)
- Finansiering av reguleringsplanarbeid for Marås - Tolleshaug inkl. arm Namtveit - Kolstad, gjennom pådrivarselskapet i Nordhordland. Praktisk gjennomføring i tett organisatorisk samarbeid med Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune.
- Evt kommunal finansiering av utgreiing og planlegging av utbetringstiltak Kolstad - Manger - Bø - Soltveit.

## **Vedlegg:**

Radøy\_samferdsel\_260117\_notat

Sambandet Vest AS - grunnlagsdokument for politisk behandling

Sambandet Vest\_Innspel til Regional Transportplan 2018\_2029

Sambandet\_vest\_konseptanalyse - sluttrapport

Bognestraumen\_alternativ\_kryssing\_210616

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
005/2017	Formannskapet i Radøy	PS	24.01.2017
006/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	09.02.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Einar Færø	16/1889	16/14905

### Framføring av kommunalt vatn til Lilletveit

#### Saksopplysingar:

Det har kome inn søknad om framføring av kommunal vassleidning til Lilletveit. Søknaden er datert 22.10.16.

Søknaden gjeld legging av ny vassleidning frå eksisterande kum på Myking til ny kum på Gnr 26, bnr 12 på Lilletveit (sjå vedlagte kart). Planen er å leggja leidningen gjennom Mykingvatnet. Samla lengde på leidningen vil verta om lag 2100 m, der 200 m av desse er i grøft på land.

Søklarane opplyser om at det til saman vil vera 11 hus som er aktuelle for å kopla seg på når vatnet er ført fram.

I søknaden vert det opplyst at brorparten av dei som bur i det aktuelle området får vatnet sitt frå borehol der kvaliteten på vatnet er av svært dårleg kvalitet. Det vert vidare vist til at ubebygde tomtar på Listveiten vil verta meir interessante med tilgang til kommunalt vatn.

Kommunedelplan for vassforsyning, som no er lagt ut til høyring, har ikkje omsøkte tiltak med i sine planar. Dette mellom anna fordi planen for vassforsyning vert tilpassa kommuneplanen sin arealdel. Det er heller ikkje i kommunedelplan for avløp lagt inn planar for avløpsanlegg på Lilletveit.

Administrasjonen har gjort eit enkelt kostnadsoverslag som baserer seg på kostnadar ein har fått frå lokal entreprenør/røyrleggjar:

2100 m 110 mm Pe - leidning a kr 190/lm ferdig sveist kr: 399 000,-

633 lodd ferdig montert a kr 195 stk kr: 123 435,-

Om lag 200 m grøft på land a kr 1000,- kr: 200 000,-

2 tk kummer m utstyr a kr 40 000,-

kr : 80 000,-

Sum

kr:802 435,- eks mva.

### **Sum inkl mva kr 100304,-**

Søkjarane har ikkje lagt fram nokon plan for eigeninnsats i form av dugnadsarbeid eller økonomisk tilskot.

I høve til dugnadsarbeid er det i dette prosjektet heller ikkje veldig mykje arbeid som kan utførast utan særskild kompetanse.

### **Vurdering**

Kommunedelplan for vassforsyning som i desse dagar er til høyring, har ikkje omsøkte tiltak med i sine planar.

Kommunedelplanen gir heilskapeleg vurdering av behov for utbetring og framføring av vassforsyning og prioriterer tiltaka og blir lagt til grunn for budsjettløyvingane.

Når tiltaket ikkje er omtala i kommunedelplanen er det problematisk å imøtekoma ynskje frå oppsittjarane på Lilletveit. Omsøkte tiltak er omfattande og kostnadskrevjande og ikkje sett opp mot andre aktuelle tiltak for vassforsyning. Det er ikkje laga ordning for å søkja på midlar for tiltak som fell utanfor hovudplanen (likehandsamingsprinsippet) og heller ikkje avsett budsjettmidlar til eit slikt tiltak.

Kommunal byggjenemd har kome med innspel om at det årleg bør setjast av kr 400 000,- som bygdene kan søkja om å få nytta til framføring av kommunalt vatn. Det er ikkje direkte konkretisert korleis denne posten skal kunne nyttast.

For nokre år sidan var det ei liknande ordning der det var høve til å søkja om dugnadsmidlar. Ordninga gav rom for at det kunne søkjast om dugnadstiltak uavhengig av kostnader. Kvar enkelt søknad vart mellom anna vurdert på bakgrunn av talet på nye abonnentar, totalkostnader for kommunen og kva søkjarane kunne tilføra av tilskot eller dugnadsarbeid. Det vart sett krav om at dimensjonen minimum skulle vera 110 mm. Andre tungtvegande grunnar til å godkjenna slike tiltak kunne vera at ein ny leidning vart første steg på vegen mot ein ny ringleidning i eit område. Ringleidningar er med på å tryggja vassleveransen ved til dømes brot eller reparasjonar på vassleidningen.

Rådmannen arbeidar med framlegg til sak om ei ordning med tilskot til dugnadsmidlar, eller anna ordning for å søkja på midlar for framføring av vatn. Det må i denne samanheng utarbeidast retningsliner for søknad og kriterier for tildeling, mellom anna om eigeninnsats skal vera eit kriterium. Ordninga må deretter kommuniserast ut til alle på ein tydeleg og god måte, slik at likehandsamingsprinsippet er stetta.

### **Konklusjon**

Rådmannen finn ikkje grunnlag for å kunne innvilga søknaden om framføring av kommunalt vatn til Lilletveit.



## **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Søknad om framføring av kommunal vassleidning til Lilletveit vert å avslå. Rådmannen arbeidar vidare med ordning for å søkja på tilskot for framføring av vatn.

## **Formannskapet i Radøy - 005/2017**

### **FS - handsaming:**

Rådmannen orienterte om at den kommunale byggenemnda hadde handsama saka og gjort følgjande vedtak:

*Tiltaket inngår ikkje i hovudplan for vatn og byggenemnda ser ikkje på dette som ei kommunal utbygging i planperioden. Byggenemnda vil tilrå at dersom oppsitjarane likevel ønskjer å føra fram vatnet via eit dugnadsprosjekt kan det søkjast om tilskot til dekning av noko av utgiftene. Retningslinene for tildeling er under arbeid.*

I møtet oppmoda ordførar Jon Askeland om at det i hovudplan for vatn vert laga ei liste over bygder som ikkje har kommunalt vatn. Han delte ut brev frå grunneigarane på Lilletveit der det kjem fram at dei tar på seg kostnaden med å grava og sprenga grøft frå Mykingvatnet og fram til planlagt kum og brannhydrant på gnr 26 bnr 3.

*Ordføraren sette fram følgjande fellesframlegg:*

Søknaden om framføring av kommunalt vatn til Listveiten gjennom Mykingsvatnet til kum på Listveiten som grunneigarane kan kopla seg til, vert imøtekomen. Det er eit vilkår at fleirtalet av oppsitjarane på Listveiten inngår avtale med kommunen om å knyta seg til det kommunale vassverket. Kommunen ser positivt på at grunneigarane tek på seg kostnadene med grøfta opp frå Mykingsvatnet til kum på Listveiten. Arbeidet vert å starta opp snarast slik at anlegget vert ferdigstilt i 2017. Kostnaden med anlegget vert dekkja av løyvde midlar til vassverket i budsjettet for 2017.

Formannskapet vedtok samrøystes fellesframlegg sett fram i møtet.

### **FS - vedtak:**

Søknaden om framføring av kommunalt vatn til Listveiten gjennom Mykingsvatnet til kum på Listveiten som grunneigarane kan kopla seg til, vert imøtekomen. Det er eit vilkår at fleirtalet av oppsitjarane på Listveiten inngår avtale med kommunen om å knyta seg til det kommunale vassverket. Kommunen ser positivt på at grunneigarane tek på seg kostnadene med grøfta opp frå Mykingsvatnet til kum på Listveiten. Arbeidet vert å starta opp snarast slik at anlegget vert ferdigstilt i 2017. Kostnaden med anlegget vert dekkja av løyvde midlar til vassverket i budsjettet for 2017.

### **Vedlegg:**

Framføring av kommunalt vatn til Listveiten og grunneigarar på Myking (L)(104294)

Søknad\_tillegg

Listveiten (L)(107281) skisse

Etterlysing av svar på søknad om framføring av kommunalt vatn til Lilletveit og (L)(113677)

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
006/2017	Formannskapet i Radøy	PS	24.01.2017
007/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	09.02.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jarle Landås	16/2070	17/416

### Endring av reglement for byggenemnd

#### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Kommunestyret vedtok nytt politisk reglement i møte 8. desember 2016 (sak 070/2016). Det vedtekte reglementet omfattar ikkje kommunal byggenemnd, men det vart presisert i saksframstillinga at reglement for byggenemnd vil bli sett inn i dokumentet politisk reglement etter politisk sak om endring av byggenemnd-reglementet.

Gjeldande reglement for byggjenemnd er frå 2006, og det er utfrå dagens krav, naturleg utvikling og siste års praksis, rimeleg å gjere endringar og presiseringar i reglementet.

Ansvar og prosess er sentrale spørsmål som reglementet må ta stilling til. Etter gjeldande reglement skal byggenemnda stå for den praktiske og økonomiske gjennomføringa av alle nybygg og ombyggingar over 1 million kr. Dette inkluderer VA-prosjekt og veg. Byggenemnda er i reglementet også gitt ansvar for økonomiske rammer, fastsetje oppstart, dra opp retningslinjer i oppdragsmandatet, engasjere konsulenthjelp, sørge for offentlege løyver mm. I tillegg er det fastsett at byggenemnda skal rapportere/overlevere prosjektet til formannskapet med fullstendig økonomisk oversyn. Kort sagt legg gjeldande reglement fullt ansvar for aktuelle prosjekt, både økonomisk og fagleg, på byggenemnda.

Praksis i dag er i hovudsak at byggenemnda vert involvert ved vedtak i formannskap når oppdraget er klarlagt med omfang og kostnad gjennom anbuds konkurranse. Byggenemnda har viktig funksjon som pådrivar og fagleg og økonomisk påpassar i gjennomføringa i dei einskilde prosjekta.

Saka var tatt opp som drøftingssak i formannskapet 16.12.16 (sak 112/2016).

Praktisk og økonomisk ansvar for byggenemnda medfører styring utanom rådmannen. Dette er på tvers av dei andre styringslinjene i kommunen. Dette var eit av temaene som vart tatt opp i handsaminga i formannskapet. Formannskapet fatta følgjande vedtak:

*Rådmannen kjem tilbake med eit notat med framlegg om å gjera byggenemnda om til*

*styringsgruppe.*

Formålet for nemnda må danne grunnlag for mandat og samansetjing.

Dersom byggenemnda ikkje skal ha budsjettansvar vil dette i utgangspunktet begrense kva sjølvstendig ansvar byggenemnda kan ha. Prinsipielle avklaringar undervegs i gjennomføringa vil ofte ha økonomisk konsekvens.

Ansvarsforholdet er i forslag til reglement for byggenemnd presisert til å vere innspel-, støtte- og pådrivarfunksjon. På den måten sikrast politisk påverknad i prosjekta og påpassarrolla knytt til gjennomføring og økonomiske rammer.

Grensa for involvering av byggenemnda er sett opp frå 1. mill til 2 millionar. Dette er ei justering etter prisutvikling og eit forsøk på å finne rett nivå. I framlegg til reglement er det presisert at hovudregelen er to millionar. Dette gir ein fleksibilitet som blant anna medfører at byggenemnd kan involverast etter ei konkret vurdering også i prosjekt under denne beløpsgrensa.

Rådmannen har i det siste arbeid med retningslinjer for prosjektorganisering. Det er utarbeidd mal for prosjektmandat, prosjektplan og prosjektorganisering. Alle investeringsprosjekt og andre større oppgåver vil no bli organisert og utført etter retningslinjer for prosjektorganisering og prosjektoppfølgning.

Når omfanget av eit investeringsprosjekt er slik at byggenemnd skal involverast, er det lagt opp til at det er formannskapet som skal godkjenne prosjektmandatet og på den måten gje oppdraget til byggenemnda. Prosjektmandat gir rammer for det eiskilde prosjektet og det blir blant anna fastsett mål, ramevilkår, avgrensningar og overordna organisering. Formannskapet vil gjennom mandatet kunne gje nærare føringar for involvering av byggenemnda.

Organiseringa av byggenemnd bygger blant anna på ønske om politisk involvering og påverknad i viktige prosjekt ut over vedtak i kommunestyret og formannskapet. Med denne bakgrunn er det foreslått at medlemmar av byggenemnd må vere kommunestyrerepresentantar (inkludert varamedlemmer).

### **Vurdering**

Forslaget til endring av reglement for byggenemnd klargjer mynde, ansvar og set byggenemnda inn i prosjektorganisering og prosjektstyring.

Framlegg til reglement for byggenemnd vert lagt fram for politisk drøfting og vedtak.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Framlegg til reglement for byggenemnd vert godkjent slik det ligg føre.

## **Formannskapet i Radøy - 006/2017**

### **FS - handsaming:**

Rådmann Jarle Landås orienterte om framlegg til endring i reglement for kommunal byggenemnd. Han viste til at byggenemnda utfrå det nye reglementet vil få ein pådrivarolle og fagleg innspelrolle i dei ulike prosjekta. Rådmannen peika på at kommunen no er i ferd med å gå over til større grad av prosjektorganisering, og i den samanheng meiner han det vil vera ei god ordning med byggenemnda som styringsgruppe for større prosjekt.

*Kenneth Taule Murberg (H) sette fram følgjande tilleggsforslag:*

Framlegget til reglement vert sendt på høyring til byggenemnda før saka kjem til handsaming i kommunestyret.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg med tilleggsframlegg sett fram i møtet.

### **FS - vedtak:**

Framlegg til reglement for byggenemnd vert godkjent slik det ligg føre.

Framlegget til reglement vert sendt på høyring til byggenemnda før saka kjem til handsaming i kommunestyret.

### **Vedlegg:**

Nytt reglement for byggenemnd i Radøy kommune

Kommunal byggenemnd\_høyring

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
008/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	09.02.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Tonje Nepstad Epland	16/590	17/1124

### Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste i Radøy kommune - godkjenning

#### Saksopplysingar:

Gjeldande *Forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste i Radøy kommune* er vedteke av Kommunestyret 11.12.14 og var gjeldande frå 01.01.15. Gebyrsatsane har ikkje vore justert i 2016.

Rådmannen har i revidert framlegg til forskrift rådd til konsumprisindeksregulering, samt nokre endringar.

Kommunane som samarbeider gjennom Nordhordland Digitalt har utarbeidd felles mal for Forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Ein felles gebyrmal sikrar oppdatert, lovmessig og lik handtering av gebyr i kommunane. Siste reviderte interkommunale gebyrmal er frå 26.10.15. Radøy kommune vedtok ikkje ny gebyrforskrift i 2016, og gjeldande gebyrforskrift for Radøy bygger difor på interkommunal gebyrmal revidert 27. 09.13. Ved revisjon av Radøy sin gebyrforskrift vil denne no følgje siste reviderte gebyrmal for Nordhordland.

#### Lovgrunnlag

Vedtaking av lokal forskrift krev heimel i lov og skal handsamast etter føresegna i forvaltningslova kap. VII.

Forvaltningslova § 37

*Forvaltningsorganet skal påse at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes.*

*Offentlige og private institusjoner og organisasjoner for de erverv, fag eller interessegrupper som forskriftene skal gjelde eller gjelder for eller hvis interesser særlig berøres, skal gis anledning til å uttale sig før forskriften blir utferdiget, endret eller opphevet. Så langt det trenges for å få saken allsidig opplyst, skal uttalelse også søkes innhentet fra andre.*

*Forvaltningsorganet bestemmer på hvilken måte forhåndsvarslingen skal foregå og kan sette*

*frist for å gi uttalelse.*

Forvaltningslova § 38:

*En forskrift skal:*

- a. *inneholde en uttrykkelig henvisning til den eller de bestemmelser som gir forvaltningsorganet hjemmel til å utferdige forskriften, og en henvisning i samsvar med EØS-høringsloven § 12 hvis forskriften inneholder tekniske regler i henhold til nevnte lov.*
- b. *nevne det forvaltningsorgan som har gitt forskriften;*
- c. *kunngjøres i Norsk Lovtidend;*
- d. *i kunngjøringen betegnes som forskrift.*

## **Prosess og medverknad**

Rådmannen sitt framlegg til revidert forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste i Radøy kommune vart handsama av formannskapet 24.11.16. Formannskapet gjorde vedtak om å leggje framlegg til revidert forskrift ut til offentleg ettersyn i samsvar med forvaltningslova § 37.

FS sak 105/2016, av 24.11.16:

*Forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert lagt ut til offentleg ettersyn med heimel i forvaltningslova § 37.*

Forskrifta vart lagt ut til offentleg ettersyn i fellesannonse i Strilen den 13.12.16. Høyringsfristen utløp den 13.01.17.

Det har ikkje komen merknader til revisjonen i høyringsperioden.

## **Vurdering**

Vurderingane som ligg til grunn for rådmannen sitt framlegg til revidert forskrift fremgår av saksframlegg til formannskapssak 105/2016. Saksframlegget er vedlegg til denne saka.

Offentlege instansar og private har fått høve til å uttale seg gjennom offentleg høyring i perioden 13.12.16 til 13.01.17. Det har ikkje komen innspel i høyringsperioden og det ikkje er gjort endringa i forskrifta etter handsaming i formannskapet 24.11.16. Det er rådmannen sin vurdering at saka er så godt opplyst som mogleg, og forskrifta vert lagt fram for Kommunestyret i Radøy kommune for endeleg godkjenning.

Forskrifta omfattar sakshandsaming innafor fagområda plan, byggesak, oppmåling, seksjonering, ureining og landbruk. Heimel for å vedta lokal forskrift om gebyr for sakshandsaming innafor dei aktuelle fagområda følgjer av Lov om planlegging og byggesaksbehandling (pbl) av 27. juni 2008 § 33-1, Lov om eigedomsregistrering av 17. juni 2005 (matrikkellova) § 32 og Forskrift av 26. juni 2009 nr 864 (matrikkelforskrifta) § 16, Lov om eierseksjoner av 20. mars 1997 § 7, Lov om vern mot forurensning av 13. mars 1981 nr 6 § 52 a og Forskrift av 5. mai 2003 nr 1909 om delegering av myndighet til kommunene etter forurensningsloven, Lov om behandlingsmåter i forvaltningsaker §

27 a og Forskrift av 14. desember 2011 nr 1336 om gebyr for behandling av konsesjonssaker m.v.

Når forskrifta er vedteke vil den verte kunngjort i Norsk lysningsblad, i Strilen 21.02.17 og på kommunen si heimeside. Forskrifta trer i kraft når den er kunngjort, jf. forvaltningslova § 39, og rådmannen legg til grunn at ikrafttreden kan skje 01.03.17.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste i Radøy kommune vert godkjent.

Forskrifta trer i kraft 01.03.17 og gjeld til det vert vedteke ny revidert forskrift.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er Lov om planlegging og byggesaksbehandling (pbl) av 27. juni 2008 § 33-1, Lov om eigedomsregistrering av 17. juni 2005 (matrikkellova) § 32 og Forskrift av 26. juni 2009 nr 864 (matrikkelforskrifta) § 16, Lov om eierseksjoner av 20. mars 1997 § 7, Lov om vern mot forurensning av 13. mars 1981 nr 6 § 52 a og Forskrift av 5. mai 2003 nr 1909 om delegering av myndighet til kommunene etter forurensningsloven, Lov om behandlingssaker i forvaltningssaker § 27 a og Forskrift av 14. desember 2011 nr 1336 om gebyr for behandling av konsesjonssaker m.v.

Vedtaket er ikkje eit enkeltvedtak og kan ikkje påklagast, jf. forvaltningslova § 28, jf. § 2 b og c.

#### **Vedlegg:**

Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste 2017 - framlegg til offentleg ettersyn

Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste 2017 versjon til KS